

Osterøy mållag  
v/Frode Flesland  
5286 Haus

28.08.2014.

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep.  
0030 Oslo

Dykkar ref. 14/2588

## **Høyringsvar til "framlegg til endringar i stadnamnlova"**

3. juni 2014 la Kulturdepartementet fram eit endringsframlegg til lov om stadnamn, som ei oppfylging av Innst. S. nr. 124 (2008-2009) frå familie- og kulturkomiteen.

Osterøy mållag vil med dette gje sitt høyringsvar til framlegget.

Osterøy mållag meiner det er bra at skrivemåten av gardsnamn framleis skal fastsetjast av Statens kartverk, fordi det gjeld stadnamn og kulturminne med interesse for alle.

Osterøy mållag meiner det er særst uheldig at departementet føreslår å endre lova slik at eigaren av eit gardsbruk får rett til å fastsetje skrivemåten av bruksnamn. Framlegget opnar for at det vert etablert ulik standard for normering og skriving av stadnamn i Noreg, der bruksnamn skal kunna attgjevast i ei ikkje-gjeldande rettskriving etter ynskje frå eigaren, dersom forma kan dokumenterast i offentleg bruk.

Endringane som er føreslegne kan dermed skape forvirring og rot med mange ulike skrivemåtar av bruksnamn med opphav i same gardsnamn.

Nedervde stadnamn som til dømes gardsnamn og bruksnamn er immaterielle kulturminne som er ein del av kulturarven til landet. Grunneigar eller andre enkeltpersonar eig ikkje dei nedervde stadnamna, og fastsetjing av skrivemåten bør difor vere ei offentleg oppgåve, der

skrivemåten vert fastsett ut frå nedervd lokal uttale, opphav og gjeldande moderne rettskriving.

Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige. Osterøy mållag meiner at stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av den immaterielle kulturarven vår. Me ber difor Stortinget om ikkje å gjera endringar i kven som skal forvalta skrivemåten åt stadnamna i stadnamnlova, og framleis late det vere samfunnet sitt ansvar, ikkje den einskilde brukseigar.

Med helsing  
Osterøy mållag

Frode Flesland  
leiar